Overvaking av potensielle truslar mot IKT-systema til verksemdar har framleis vore ei prioritert oppgåve, og det har vore løpande samarbeid med ulike myndigheitsorgan for å vareta sikkerheita i den finansielle infrastrukturen. Finanstilsynet vurderer sårbarheiter i føretaka sine forsvarsverk mot digital kriminalitet som den mest sentrale trusselen mot IKT-bruken i føretaka. Risikoen knytt til leverandørstyring og tilgangsstyring og risikoen for informasjonslekkasje er òg sentrale truslar. I 2023 følgte Finanstilsynet opp endringar i den teknologiske infrastrukturen og betalingstenestene til finansføretaka.

Finanstilsynet meiner at tilsynet har bidratt til robust infrastruktur gjennom tiltaka og aktivitetane som blei gjennomførte i 2023.

I 2023 har Finanstilsynet mellom anna

- gjennomført det første tilsynet med Euronext Securities Oslo etter at føretaket fekk løyve som verdipapirsentral etter verdipapirsentrallova og CSDR (Central Securities Depository Regulation). Tilsynsrapporten vil vere klar tidleg i 2024.
- gitt Euronext Securities Oslo på nærare vilkår løyve til å utkontraktere enkelte kjernetenester i samband med etableringa av ei felles avdeling med det danske søsterselskapet Euronext Securities Copenhagen
- følgd opp brot på føresegnene om kontroll med kontoførar og brot på informasjonsplikta ved innføring av to utanlandske aksjar i VPS-registeret. Finanstilsynet vedtok pålegg om retting og eit lovbrotsgebyr på éin million kroner til Verdipapirsentralen. Finanstilsynet gav òg kontoføraren pålegg om retting etter brot på føresegnene om god forretningsskikk. Euronext Securities Oslo har klagt på vedtaket, og klagen er til behandling i Finansdepartementet.
- gjennomført eit felles tematilsyn med Euronext-gruppa. Temaet for tilsynet var Euronext si utkontraktering av datalagring til eksterne skytenester.
- gjennomført ei rekkje tilsyn om føretaka sin bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak
- motteke og behandla ei rekkje hendingsrapportar
- vareteke rolla som sektorvist responsmiljø (SRM) i samarbeid med Nordic Financial CERT (NFCERT) gjennom regelmessige oppfølgingsmøte og samhandling ved sikkerheitshendingar
- oppsummert arbeidet med IKT-sikkerheit i finanssektoren og korleis enkeltføretak og bransjen følgjer regelverket i den årlege risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS), som blei publisert i mai 2023

- motteke og behandla tilbydarane av betalingstenester si innrapportering av svindeldata for første halvår 2023 og publisert svindelstatistikk
- følgd utviklinga på trusselområde, mellom anna cyberkriminalitet, og delteke i Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) og i Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) si interessegruppe for IKT-tilsyn
- vidareført samarbeidet med Noregs Bank om mellom anna rammeverk for sikkerheitstesting av kritiske funksjonar i den finansielle sektoren i Noreg (TIBER-NO) og systemisk IKT-risiko og gjennomført eit seminar om betalingssystem og IKT i finanssektoren
- delteke i det pågåande arbeidet som Noregs Bank leiår, med å vurdere behovet for beredskapsløyser i betalingssystemet
- delteke i ESRB si arbeidsgruppe for handtering av cyberrisiko
- utarbeidd eit forslag til høyringsnotat for å gjennomføre Digital Operational Resilience Act (DORA) og gitt innspel til eit høyringsnotat frå Finansdepartementet
- utarbeidd ei tilråding til Finansdepartementet om å identifisere verksemder med avgjerande eller vesentleg betydning for grunnleggjande nasjonale funksjonar
- delteke i ei felles nordisk-baltisk myndighetsorientert cyberøving/beredskapsøving saman med Noregs Bank og Finansdepartementet

Styringsparametrar	Resultatmål 2023 (plantal)	Resultat for 2023 (gjennomført)	Resultat i 2022
Tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka	20	21 tilsyn*: 10 i bankar 2 i forsikringsføretak 2 i betalingsføretak 2 i revisjonsføretak 2 i fondsselskap 1 i inkassoføretak 2 i eigedomsmeklingsføretak	22 tilsyn: 9 i bankar 2 i forsikringsføretak 2 i betalingsføretak 1 i infrastrukturføretak 3 i verdipapirføretak 2 i revisjonsføretak 1 i fondsselskap 1 i inkassoføretak 1 i eigedomsmeklingsføretak
Tilsyn med betalingsføretak	2	2	2
Tilsyn med infrastrukturføretak	4	3	1

\*Det blei i 2023 gjennomført eitt tilsyn meir med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka enn planlagt. Det planlagde tilsynet med IKT-system i infrastrukturføretak er overført til 2024.

## Nøkkeltal

	2023	2022
Antal IKT-hendingar og andel IKT-hendingar som er følgde opp	408 IKT-hendingar**: 15 sikkerheitshendingar 393 operasjonelle hendingar	287 IKT-hendingar: 19 sikkerheitshendingar 265 operasjonelle hendingar

\*\*Finansdepartementet blei orientert om elleve av IKT-hendingane. Årsaka til auken i 2023 var mange hendingar som førte til feil saldo på grunn av duplikate eller manglande transaksjonar, og desse hendingane ramma fleire bankar samtidig.

## Delmål 3 Investorvern

Påliteleg og nok informasjon er nødvendig for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidrar til at løpande og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvise og rettidig, og til at prospekta til føretaka er utforma i tråd med krava. Finanstilsynet bidrar vidare til at føring og revisjon av årsrekneskapane held ein tilfredsstillande kvalitet. Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden bidrar Finanstilsynet til marknadsdisiplin og god varetaking av interessene til investerar og utskrivarar.

Finanstilsynet bidrog aktivt til godt investorvern i 2023 gjennom informasjonstiltak, løpande tilsyn med verdipapirmarknaden og kontroll med finansiell rapportering.

Kapitalinnhentinga i den norske aksjemarknaden var vesentleg lågare enn det førre året og har ikkje vore lågare sidan 2017. Det aller meste er gjennomført i form av retta emisjonar (92 prosent). Den høge andelen av retta emisjonar inneber risiko for at aksjonærane ikkje blir likebehandla på grunn av rabattane som blir tilbode, og utvanning. Finanstilsynet hadde særleg merksemd mot retta emisjonar i tilsynsverksemda med verdipapirføretak og Oslo Børs og mot informasjonshandteringa til utskrivarføretaka. Det var berre sju nynoteringar i 2023, som er det lågaste antalet sidan 2012.

I 2023 har Finanstilsynet mellom anna

- gjennomført tilsyn med ti verdipapirføretak om retta emisjonar og likebehandling av aksjonærar i utvalde utskrivarføretak og handtering av innsideinformasjon i utskrivarføretaka
- gjennomført tilsyn med Oslo Børs' oppfølging av likebehandling av aksjonærar ved utskrivaren sin bruk av retta emisjonar. Tilsynsrapporten vil vere klar tidleg i 2024.
- delteke i ei felleseuropeisk undersøking (Common Supervisory Action) i regi av den europeiske verdipapir- og marknadsstilsynsmyndigheita (ESMA) og undersøkt etterlevinga av krava til marknadsføring og annonsering i 13 verdipapirføretak
- gjennomført tilsyn med EY i samarbeid med det amerikanske revisortilsynet (PCAOB)
- starta tematisyn hos seks revisjonsføretak om korleis dei etterlever krava i revisorforordninga til tilleggssrapport til revisjonsutval, revisjonsrapport og ESEF-rapportering (felleseuropeisk elektronisk rapporteringsformat)
- kontrollert den finansielle rapporteringa til 26 føretak, mellom anna opplysningar om forventa kredittap

- ilagt to føretak lovbrotsgebyr for brot på plikta til å utarbeide EØS-prospekt
- kontrollert etterlevinga av åtferdsreglane, mellom anna ved marknadssonderingar
- gjennomført kartlegging av verksemda til 28 verdipapirføretak knytte til plassering av unoterte aksjar og obligasjonar
- pålagt ein AIF-forvaltar retting i samband med kapitalinnhenting i eigeidomsfond
- fatta vedtak om å ileggje lovbrotsgebyr på 5 millionar kroner til ein investor for brot på forbodet mot marknadsmanipulasjon
- fatta vedtak om ilegging av lovbrotsgebyr til elleve investerar for sal av aksjar i strid med forbodet mot udekka shortsals
- utvikla eit system for å rapportere transaksjonar (TRS) og eit eiga alarmsystem ved passeringar av flaggeregrensar
- ilagt sju lovbrotsgebyr for brot på flaggereglane og seks lovbrotsgebyr for brot på reglane om meldeplikt for primærinnsidarar m.m. ved bruk av dei nye overvakingssystema og TRS-data
- meldt fire forhold til Økokrim for mistanke om innsidehandel
- starta eit tematisyn som skal kartleggje prosjektfinansieringsselskap knytte til næringseigedom, medrekna struktur og forvaltning
- gjennomført 51 tilsyn med rekneskapsføretak som førte til tolv vedtak om tilbakekalling av autorisasjonen som rekneskapsføretak og seks vedtak om tilbakekalling av godkjenning som statsautorisert rekneskapsfører

Styringsparametrar	Resultatmål 2023 (plantal)	Resultat for 2023 (gjennomført)	Resultat i 2022
Kontrollerte rekneskapar	30	26	18
Tilsyn med revisjonsføretak	40	24	25
Tilsyn med rekneskapsførarar	40	51	44

## Nøkkeltal

	2023	2022
Antall kontrollerte prospekt	91	105
Antal brot på rapportering av shortsar som er følgde opp	19	8
Antal brot på meldeplikt ved verdipapirhandel som er følgde opp	49	39
Antal brot på flaggeplikt som er følgde opp	25	29

(Tala for 2023 blei korrigererte 15.05.2024.)

## Delmål 4 Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enkelte forbrukaren og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal vareta interessene til kundane og ta omsyn til kundane sine føresetnader for å forstå eigenskapane knytte til produkta. Finanstilsynet varetek forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og eigedom på ein forsvarleg måte. Også tilsynet med inkassoføretaka styrkjer forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og sikkerheitskrav bidrar til tryggleik for at produktleverandørane kan oppfylle pliktene overfor kundane.

Lovkravet til forbrukarvern og handtering av interessekonflikter står sentralt i tilsynet med verdipapirføretaka, forvaltningsselskapa og finansføretaka. Føretaka skal opptre ærleg, heiderleg og profesjonelt i tråd med kundane sine beste interesser og sjå til at integriteten til marknaden blir vareteken på beste måte. Regelverk og tilsyn skal òg bidra til at føretaka har god nok internkontroll og eit bevisst forhold til risiko.

Endringane i prismodellane på fondsområdet har ført til at prisinformasjonen for forbrukarar er blitt svært lite transparent. På bakgrunn av dette undersøkte Finanstilsynet prisar på eit antal verdipapirfond hos fleire fondsforvaltarar. Resultatet av undersøkinga blei publisert i februar 2024.

I tilsynet med forvaltarar av alternative investeringsfond prioriterer Finanstilsynet forvaltarar av fond som rettar seg mot ikkje-profesjonelle investorar.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet har ei eigen nettside med informasjon til forbrukarane. Finanstilsynet svarte òg på mange førespurnader frå forbrukarane i 2023.

Rekneskapsføretaka har ein viktig funksjon for dei minste aksjeselskapa og enkeltpersonføretaka. Finanstilsynet følgjer opp at desse føretaka etablerer eit kvalitetsstyringssystem som sikrar at oppdragsgivarane sine interesser blir varetekne på ein god måte.

For å bidra til å verne forbrukarane og kundane har Finanstilsynet i 2023 mellom anna

- gjennomført tilsyn i fleire føretak, mellom anna om kundevern
- utarbeidd forslag til regelendringar som skal klargjere at pristariffar og forvaltingshonorar for pensjonsinnretningane omfattar godtgjersle til fondsforvaltarane
- følgd opp nye reglar om bufferfond for private garanterte pensjonsprodukt som tredde i kraft 1. januar 2024
- gjennomført eit webinar om dyrtid og forbrukslån

- halde innlegg på fleire konferansar
- arrangert kontaktmøte med Finansklagenemnda, Forbrukartilsynet, Finans Norge og Finansnæringens autorisasjonsordningar (FinAut)
- gjennomført eit tematisert tilsyn om eigedomsmeklingsføretaka si risikovurdering og rutinar for behandling av klientmiddel og utarbeidd eit rundskriv på bakgrunn av dette
- følgd opp hendingsrapportar frå fleire finans- og inkassoføretak om feil i inndrivingsprosessen ved at skyldnarar blei påførte for høge omkostningar og renter
- godkjent fleire ordningar for etterutdanning og ei autorisasjonsordning for forsikringsformidlarar
- gjennomført eit tematisert tilsyn om bankane sin eigen-inkasso og behandlinga deira av bustadlånskundar med betalingsvanskar og mislighaldne bustadlån
- følgd opp forsikringsformidlingsføretaka si rapportering, årsrapportering, klientmiddelhandtering og klagerapportering
- pålagt ein AIF-forvaltar retting i samband med kapitalinnhenting i eigedomsfond
- behandla søknader om marknadsføring av alternative investeringsfond til ikkje-profesjonelle investorar
- starta fire temabaserte tilsyn i til saman 34 verdipapirføretak om (i) plassering av unoterte aksjar og obligasjonar, (ii) retta emisjonar og likebehandling, (iii) handelsportefølje og store engasjement og (iv) informasjonshandtering og marknadsovervaking, i tillegg til eit stadleg tilsyn i eit verdipapirføretak, og avslutta fire tilsyn som blei starta i 2022
- som sekretariat for Garantiordningen for skadeforsikring, handtert utbetalingar til sikra kundar i Alpha Insurance A/S' norske filial
- førebudd utbetaling frå Garantiordningen for skadeforsikring til sikra kundar under avtalar inngått på grensekryssa basis på vegner av den norske staten

Styringsparametrar	Resultatmål 2023 (plantal)	Resultat i 2023 (gjennomført)	Resultat i 2022
Tilsyn i finansføretak der ein vesentleg del av tilsynet omhandlar tema relaterte til forbrukarvern	4	1	2
Tilsyn med verdipapirføretak	17	27	8
Tilsyn med forvaltningsselskap for verdipapirfond, inkludert AIF-forvaltarar	6	2	5
Tilsyn med forsikringsformidlarar	2	2	0
Tilsyn med eigedomsmeklingsføretak	20	16	14
Tilsyn med inkassoføretak	7	7	6
Tilsyn med gjeldsinformasjonsføretak	0	0	0

## Delmål 5 Effektiv krisehandtering

Beredskap til å kunne handtere kritiske situasjonar er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har beredskap for å handtere kriser i så vel enkeltføretak som marknader, slik at faren for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundane blir redusert. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenoppretingsplanar og at Finanstilsynet utarbeider krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske forhold blir handterte på ein tilfredsstillande måte. Beredskap for å kunne gi rask og relevant informasjon til allmenta er òg ein sentral del av kriseberedskapen.

Usikre makroøkonomiske og geopolitiske tider, med endringar mellom anna i det digitale trusselbiletet, tilseier ein generell høg beredskap for å vareta krisehandteringsoppgåver. Høg gjeld i hushalda og auka renter og energiprisar bidrar til meir usikkerheit. Retningslinjene til den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) for å vurdere bankane si krisehandterbarheit tredde i kraft 1. januar 2024. Finanstilsynet førebudde i 2023 oppfølginga av retningslinjene.

For å bidra til god kriseberedskap og effektiv krisehandtering i 2023 har Finanstilsynet mellom anna

- fastsett krisetiltaksplanar og fatta vedtak om minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konverterbar gjeld (MREL) for bankar med kritiske funksjonar
- følgd opp føretaka sine førebuingar til å tilfredsstille krava til å vere krisehandterbare, jf. EBA sine «resolvability guidelines», mellom anna gjennom ei spørjeundersøking
- gitt rettleiing til føretaka om dei overordna krava til å gjennomføre intern oppkapitalisering («bail-in mechanics»)

- vore vertskap for krisekollegiet for DNB og delteke i tilsvarande kollegium for dei største utanlandske bankane med dotterføretak eller filial i Noreg
- delteke i relevante internasjonale fora om krisehandtering og EBA sin «Resolution Committee» og undergrupper
- leidd beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI), der det blei gjennomført tre ordinære møte og ei årleg øving

Styringsparametrar	Resultatmål 2023 (plantal)	Resultat for 2023 (gjennomført)	Resultat i 2022
Krisetiltaksplanar som er fastsette av Finanstilsynet	13	13	13
Gjenoppretingsplanar som er vurderte av Finanstilsynet	33	13*	7
Fastsette MREL-krav	13	13	13

\* Oppfølging av gjenoppretingsplanar i små og mellomstore bankar er ikkje gjennomført som planlagt som følge av manglande ressursar.



## Delmål 6 Kampen mot kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv verksemd innanfor regelverket. Tilsynsverksemda bidrar til å førebyggje ulovleg verksemd, og lovbrøt som blir avdekte i føretak under tilsyn, blir følgde opp. Ved mistankar om alvorleg økonomisk kriminalitet blir forholdet meldt til politiet. Finanstilsynet sitt arbeid for fullgod revisjon og rekneskapsføring bidrar òg til å førebyggje og avdekkje økonomisk kriminalitet.

Føretaka som er underlagde kvitvaskingsregelverket, bidrar i stor grad til å førebyggje og avdekkje kvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheiter, trappa opp aktiviteten på dette området dei seinare åra. Tilsynserfaringar viser at fleire føretak har auka innsatsen mot kvitvasking og terrorfinansiering betydeleg, men tilsyn har òg avdekt at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket framleis er mangelfull i mange tilfelle.

I 2023 fekk to bankar og ni rekneskapsførarar lovbrøtsgebyr for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket.

Sidan 2021 har Finanstilsynet vore med i eit IMF-prosjekt som mellom anna vurderer antikvitvaskingstilsyn i Norden og Baltikum. Ein rapport frå prosjektet blei publisert i september 2023.

Eit nytt regelverk for å styrkje arbeidet til EU med å nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering blei i 2023 behandla i EU. Dette omfattar mellom anna å opprette ei ny europeisk tilsynsmyndigheit som skal intensivere dette arbeidet og bidra til at nasjonale finanstilsyn samarbeider tettare.

Regjeringa vedtok i 2022 at det skal leggjast fram ei stortingsmelding om nedkjemping av økonomisk kriminalitet. Stortingsmeldinga vil innehalde tema på Finanstilsynet sine fagområde. Finanstilsynet bidrog i 2023 med innspel til stortingsmeldinga.

I tilsynet med etterlevinga av kvitvaskingsreglane har Finanstilsynet i 2023 mellom anna

- publisert ei ny vurdering av risiko for at rapporteringspliktige føretak under tilsyn kan bli misbrukte til kvitvasking og terrorfinansiering
- følgd opp enkelthendingar i fleire bankar etter indikasjonar på manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket
- publisert ein rapport frå eit tematilsyn om sanksjonscreening

- bidratt i arbeidet med ein ny frysrettleiar
- delteke i styringsgruppa for offentleg-privat samarbeid på finansområdet for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering (OPS AT)
- delteke i regjeringa sitt kontaktforum mot kvitvasking og terrorfinansiering
- delteke i kontaktmøte med Økokrim, politiet, Tolletaten, Kripos, Skatteetaten m.fl.
- delteke i internasjonalt samarbeid om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering i finanssektoren, mellom anna i EBA si faste styringsgruppe på kvitvaskingsområdet og i fleire tilsynskollegium for å følgje opp enkeltføretak
- kalla tilbake løyve som betalingsføretak for to føretak som yter betalingstenesta «pengeoverføringar», som følgje av manglande etterleving av kvitvaskingslova

### Ulovleg verksemd

Ulovleg verksemd bidrar til å svekkje tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv i tråd med regelverket. Dei som driv ulovleg, kan vere aktørar som opererer utanfor eller i randsona av regulering og tilsyn, og som gir eit feilaktig inntrykk av å vere regulerte og under tilsyn. Nye digitale plattformer som utfordrar tradisjonelle forretningsmodellar, kan vere blant desse. Mellom anna blir sosiale medium nytta for å tiltrekke seg og svindle forbrukarar og investorar. Desse gruppene bør undersøkje om eit føretak er seriøst og påliteleg, mellom anna ved å sjekke verksemdsregisteret til Finanstilsynet og marknadsåtvaringane før dei nyttar investeringstenestene det tilbyr. Finanstilsynet følgjer opp ulovleg verksemd, mellom anna ved å krevje at verksemda blir stansa. Fleire saker blir melde til politiet.

Som ledd i oppfølginga av ulovleg verksemd har Finanstilsynet i 2023 mellom anna

- meldt to verksemder til politiet. Det blei gitt eitt pålegg om stans av ulovleg rekneskapsverksemd. 21 verksemder fekk brev der Finanstilsynet gjorde dei merkseme på krava til godkjenning, og på at verksemder som er i strid med desse, må stanse.
- fatta vedtak om stans av verksemda for fem føretak som dreiv ulovleg låneformidling. Dei fleste av vedtaka er påklaga, og klagene er sendt til Finansdepartementet, som er klageinstans.
- stansa fleire tilfelle av ulovleg låneformidling på Facebook

I 2023 undersøkte Finanstilsynet 13 føretak for mogleg ulovleg yting av investeringstenester utan å ha nødvendig løyve. Dette er føretak som kontaktar norske investorar direkte og/eller marknadsfører verksemda på nettstadene sine. Finanstilsynet fatta i 2023 inga vedtak om stans, men publiserte seks årvaringar der det blei presisert at det aktuelle føretaket ikkje har løyve til å yte investeringstenester i Noreg. I tillegg publiserte Finanstilsynet 1317 åtvaringar frå utanlandske tilsynsmyndigheiter mot føretak som yter tenester i EØS utan løyve.

Finanstilsynet har samarbeidd med andre myndigheiter om fleire enkeltsaker, særleg med Økokrim, fleire politidistrikt, Tolletaten, Kripes og Skatteetaten.

Styringsparametrar	Resultatmål 2023 (plantal)	Resultat for 2023 (gjennomført)	Resultat 2022
Kvitvaskingstilsyn i bankar	4	3	5 stadlege tilsyn i bankar  1 dokumentbasert tilsyn i alle bankar
Kvitvaskingstilsyn i andre typar rapporteringspliktige føretak  (Fleire av desse tilsyna er òg talde med under andre delmål.)	86 totalt	8 i eigedomsmeklingsføretak 11 hos AIF-forvaltarar 2 i betalingsføretak 8 i revisjonsføretak 22 i rekneskapsføretak	17 i verdipapirføretak 10 i eigedomsmeklingsføretak 2 i betalingsføretak 1 i e-pengeføretak 1 hos tenestetilbydarar av virtuell valuta 9 i revisjonsføretak 25 i rekneskapsføretak 7 i forsikringsføretak

## Nøkkeltal

	2023	2022
Antal signal på ulovleg verksemd og antal signal som er følgde opp	32 signal, 13 saker om yting av investeringstenester 13 signal, 2 saker om eigedomsmekling 27 signal, 24 saker om rekneskapsførerverksemd	9 saker om yting av investeringstenester 2 saker om ulovleg låneformidling 1 sak om virtuell valuta 2 saker om ulovleg rekneskapsførerverksemd
Antal saker knytte til mistenkjeleg marknadsåttferd som er undersøkte	457	324

# Andre aktivitetar

## Klimarisiko og berekraft / grøn finans

Det er behov for meir kunnskap om korleis klimaendringane påverkar finansmarknadene, og om korleis klimarelatert risiko kan påverke den finansielle stabiliteten. I tråd med tildelingsbrevet har Finanstilsynet følgd opp internasjonalt samarbeid på dette området, spesielt arbeidet med regelverksutvikling, rettleiing og tilsynspraksis i EU, og delteke i arbeidet i Network for Greening the Financial System (NGFS).

Lov om offentleggjøring av bærekraftsinformasjon i finanssektoren og et rammeverk for bærekraftige investeringar for finanssektoren tredde i kraft i januar 2023. Utfyllande reglar tredde i kraft først i desember 2023, medan Finanstilsynet anbefalte å følgje dei kommande reglane også før dei tredde i kraft. Finanstilsynet vil følgje opp korleis føretaka etterlever dei nye reglane.

På desse felta har Finanstilsynet i 2023 mellom anna

- gitt høyringssvar til NOU 2023: 15 *Bærekraftsrapportering – Gjennomføring av direktivet om bærekraftsrapportering (CSRD)*
- starta tilrettelegging av saksbehandlingsrutinar og system for behandling av søknader som berekraftsrevisor og berekraftsattestantar i påvente av ikraftsetjing av ny lovgiving
- følgd arbeidet med planlagt EU-stresstest på klimaområdet
- inkludert berekraft og klimarisiko i alle tilsyn i bankar, forsikringsføretak og verdipapirføretak
- følgd opp og bistått den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) i deira undersøking av grønne utlån
- følgd opp fondsforvaltarane si integrering av berekraftsrisiko i verksemda og informasjon om berekraftsforhold til investorar
- etablert ein modell for tilsyn med verdipapirføretak for å følgje opp EU sitt nye regelverk om offentleggjøring av bærekraftsinformasjon i finanssektoren og rammeverk for bærekraftige investeringar
- følgd opp klimarelaterte forhold i den finansielle rapporteringa til noterte føretak

- følgd arbeidet i NGFS, med vekt på arbeidsstrømmen om scenario og stresstesting
- gjennomført tematisyn på utlån til finansiering av kontorbygg der berekraft og klimarisiko var eitt av tema
- inkludert berekraft/klimarisiko i analysar av eksponeringar mot næringsseigedom i bank og forsikring

## Fintech og regulatorisk sandkasse

Sidan etableringa av sandkassen i 2019 har Finanstilsynet motteke 21 søknader om opptak. Fem prosjekt er tekne opp i sandkassen, av desse er fire avslutta. Prosjektplanar og sluttrapportar er publiserte på nettstaden til Finanstilsynet. Tilsynet mottok to søknader om opptak i den regulatoriske sandkassen i 2023.

Qbig AS blei teken opp i den regulatoriske sandkassen i 2023. Føretaket skal utvikle ein dataplattform for kvalitetssikring av rekneskapsførarar. Prosjektet har komme godt i gang og er planlagt slutført i løpet av første kvartal 2024.

Det blei arrangert eit erfaringsseminar i desember 2023 der Finanstilsynet saman med Datatilsynet, Digitaliseringsdirektoratet, Legemiddelverket, Arkivverket og Helsedirektoratet delte erfaringar frå arbeidet med sandkassar som metode for innovasjon.

Finanstilsynet deltek i European Forum for Innovation Facilitators (EFIF). EFIF blei etablert av Europakommisjonen i 2019 for å fremje utvikling av fintech gjennom koordinering og samarbeid mellom medlemslanda sine regulatoriske sandkassar og innovasjonsnav. Målet er å oppnå eit felles syn på regulatorisk behandling av innovative produkt, tenester og forretningsmodellar. Finanstilsynet har delteke på fire møte (eitt fysisk) i EFIF.

I 2023 etablerte EFIF ein taksonomi for finansiell innovasjon. Finansielle innovasjonar er kategoriserte i ein matrise med sektorar, finansielle tenester og anvendt teknologi som gjer det lettare for tilsynsmyndigheiter og andre interessentar å søkje opp relevante prosjekt.

Finanstilsynet har løpande dialog med ulike fintechmiljø i finansnæringa, mellom anna Startuplab i Forskningsparken og Fintech Norway i Bergen.

# Styring og kontroll i verksemda



# Styring og kontroll i verksemda

## Styringsstruktur

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda. Finanstilsynsdirektøren står for den daglege leiinga.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Kvar avdeling blir leidd av ein avdelingsdirektør. Avdelingane er delte inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidd av ein seksjonssjef. Den juridiske direktøren, kontrollaren og personvernombodet er plasserte i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon.

Verksemda til Finanstilsynet er regulert gjennom finans-tilsynslova og gjennom særlovgiving på dei ulike tilsyns-områda. Kwart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda. Saman med tildelingsbrevet og andre oppdrag frå Finansdepartementet er strategien grunnlaget for dei årlege planane for verksemda. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilsynet om kva for aktivitetar som er gjennomførte, og om andre saker i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilsynet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsrapporten.

Styret har normalt møte kvar månad bortsett frå juli. Styreleiaren deltek fast i rapporteringsmøta med Finansdepartementet. Sjå òg omtalen under av arbeidet til styret i 2023.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risikoanalysar for si eiga verksemd.

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen, og rapporten frå Riksrevisjonen blir publisert på nettstaden til Finanstilsynet. Sjå òg kapittel VI Årsrekneskap.

## Arbeidet til styret i Finanstilsynet

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret skal ha fem medlemmer, to varamedlemmer og to representantar for dei tilsette. Ein styremedlem fråtrjedde i mars 2023, og ein varamedlem fungerer som styremedlem i styret fram til ein ny styremedlem er på plass. Styret har fastsett ein forretningsorden for arbeidet sitt, som er tilgjengeleg på nettstaden til Finanstilsynet. Ifølgje han skal leiaren for styret og finanstilsynsdirektøren sørgje for at aktuelle saker som høyrer til under styret, blir fremma til behandling, og at arbeidet til styret er organisert på ein hensiktsmessig og trygg måte.

I 2023 hadde styret elleve ordinære og tre ekstraordinære styremøte. Styret avgjorde 31 administrative saker og 39 fagsaker. I tillegg fekk styret 22 administrative saker og 31 fagsaker til skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering om aktuelle saker.

Styret behandlar overordna og langsiktige planar for arbeidet til Finanstilsynet. Dette omfattar

strategien til Finanstilsynet, verksemdsplanen, årsbudsjettet og årsrapporten og årsrekneskapen. I 2023 fastsette styret Finanstilsynet sin strategi for 2023–2026 og Finanstilsynet sin digitaliseringsstrategi for den same perioden. Styret behandla òg Finanstilsynet si høyringsuttale til NOU 2023: 6 *Finanstilsynet i en ny tid – ny lov om Finanstilsynet*.

Styret behandlar årleg ei sak om fordeling av tilsynsavgift/utlikning på føretaka under tilsyn, som dekkjer utgiftene til Finanstilsynet. Utlikninga skjer etter nærare reglar i finans-tilsynslova. I 2023 blei reglane endra slik at ein innan fastsette beløpsrammer kan krevje gebyr for Finanstilsynet si behandling av søknader og meldingar om grensekryssa verksemd i Noreg. Styret fastsette storleiken på slike gebyr.

Styret behandlar prinsipielle saker og andre saker av særleg viktighet. I 2023 behandla styret fleire saker om varsel om lovbrotsgebyr. Sakene gjaldt marknadsmanipulasjon, udekt shortsals, brot på plikta til å varsle Finanstilsynet om hendingar etter verdipapirsentrallova og brot på plikta etter kvitvaskingsregelverket. Når styret har teke stilling til dei prinsipielle spørsmåla som desse sakene

reiste, vil tilsvarande saker i framtida normalt bli vedtekne av administrasjonen til Finanstilsynet.

Mellom andre prinsipielle og viktige saker som styret behandla, var avslag på søknad frå ein forvaltar av alternative investeringsfond om å marknadsføre eit fond til ikkje-profesjonelle kundar. Styret behandla òg ei klage frå eit inkassoføretak på Finanstilsynet sitt pålegg om retting, ei klage på vedtak om tilbakekalling av inkassoløyvet og ei klage på avslag på ein søknad om å drive inkassoverksemnd.

Alle saker som gjeld løyve til å opprette bank eller forsikringsføretak, og tilbakekalling av slike løyve, blir behandla av styret. I 2023 gav styret eitt føretak løyve til å drive livsforsikringsverksemnd og eitt føretak løyve til å drive bankverksemnd. Styret behandla òg ei klage på Finanstilsynet sitt avslag på søknad om å drive verksemnd som innskøtspensjonsføretak.

Styret behandla rapporten «Finansielt utsyn», som Finanstilsynet publiserer to gongar i året, og som oppsummerer Finanstilsynet sine analysar og vurderingar av stabiliteten i det norske finansielle systemet. Styret behandla i 2023 òg mellom anna fleire saker knytte til kapitalkrav i bankane og Finanstilsynet sine årlege råd til Finansdepartementet om kva for føretak som myndighetene meiner er systemviktige i Noreg, og som bør oppfylle eit særskild bufferkrav på 1 eller 2 prosent.

Gjennom året la administrasjonen i Finanstilsynet fram ei rekkje orienteringssaker for styret om mellom anna resultatrapportar for finansføretak, verdipapirføretak, forvaltningsselskap for verdipapirfond og forvaltarar av alternative investeringsfond, soliditetsrapport for finansføretak, utviklinga i forbruksgjelda, oversikt over tap og misleghald i bankar og ein rapport om finansføretaka sin bruk av fleksibilitetskvotene i utlånsforskrifta.

I tillegg til høyringsuttalen til forslaget til den nye finanstilsynslova behandla styret høyringsuttalen til mellom anna NOU 2022: 20 *Et helhetlig skattesystem*, NOU 2023: 15 *Bærekraftsrapportering – gjennomføring av direktivet om bærekraftsrapportering (CSR)*, Kommunal- og distriktsdepartementet sitt forslag om endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova for å leggje betre til rette for modellar for bustadkjøp og Finansdepartementet sitt forslag til framtidig arbeid med nasjonale rekneskapsstandardar.

Finanstilsynet sitt forslag til regelverksendringar skal behandlast av styret når realitetsinnhaldet endrar rettstilstanden på området i vesentleg grad eller endringa på annan måte har vesentleg betydning. I 2023 behandla styret Finanstilsynet sitt forslag til mellom anna reglar om å gjennomføre EU-forordninga om grønne obligasjonar, EU-forordninga om digital operasjonell motstandsdyktigheit i finanssektoren og EU-forordninga om regulering av kryptoeigedelar.

## Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan forbetre, effektivisere og digitalisere tilsynsmetodar, arbeidsprosessar og saksbehandlingsrutinar.

Tilsette med god og relevant kompetanse er den viktigaste ressursen til Finanstilsynet. Kompetansestrategien legg vekt på samfunnsoppdrag og verksemdsforståing, marknadsforståing og bransjekunnskap, tilsynsfagleg kompetanse, digital kompetanse og leiing, og han blir følgt opp på seksjons-, avdelings- og organisasjonsnivå. I 2023 blei kompetansestrategien mellom anna følgt opp med eit program for leiarutvikling for alle leiarane i Finanstilsynet. Programmet blei noko utvida i forhold til den opprinnelege planen, ettersom det i 2023 blei tilsett ein ny finanstilsynsdirektør og fleire nye leiarar.

Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støttefunksjonar til tilsynsverksemda. Finanstilsynet nyttar dokumenthandteringssystemet WebSak+ (Noark 5-godkjend) frå ACOS og har mellom anna løysingane elnnsyn og eFormidling. Oppgåvene til økonomifunksjonen omfattar offentlege anskaffingar, budsjett og rekneskapsoppfølging.

Finanstilsynet har avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om lønns- og rekneskaps-tenester og med Statens innkrevjingsentral om å krevje inn tilsynsavgift frå verksemdene under tilsyn. Frå 2024 fører Finanstilsynet rekneskapsen etter statlege rekneskapsstandardar (SRS).

### Effektivisering og digitalisering

Finanstilsynet legg vekt på at arbeidet med digitalisering skal ha ei klar retning og tydelege mål i tråd med den fastsette digitaliseringsstrategien og statlege føringar i digitaliseringsrundskrivet og digitaliseringsstrategien

for offentleg sektor for 2019–2025. Tilsynet nyttar ein smidig utviklingsmetodikk med hyppige leveransar og systematisk oppfølging gjennom ein fastsett struktur for porteføljestyling.

Digitaliseringsprosjektet til Finanstilsynet, som går frå 2022 til 2026, omfattar automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir datadeling. Prosjektet skal auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet og har òg ei separat rapportering til Finansdepartementet.

Digitaliseringa i Finanstilsynet følgte fastsette planar i 2023. Fleire prosessar blei automatiserte, overgangen til den nye rapporteringsplattforma Altinn 3 kom lengre enn venta, og meir data blei tilgjengeleg gjennom brukarvennlege verktøy. Tilsynet arbeidde òg med eit rammeverk for datastyring. I tillegg blei det etablert arenaar for å utvikle digital kompetanse i Finanstilsynet.

Finanstilsynet har starta arbeidet med å teste og utvikle digitale og automatiserte løysingar med bruk av kunstig intelligens for tilsyn og overvaking på enkelte område. Det er fastsett interne retningslinjer for bruk av denne typen tenester, og desse vil bli vurderte på nytt undervegs i testinga.

Ved å utvikle løysingar for å dele data med andre offentlege verksemdar bidrar Finanstilsynet til at føretak ikkje må dobbeltrapportere data og til at offentlege midlar blir nytta effektivt.

I 2023 arbeidde Finanstilsynet mellom anna med desse delprosjekta i digitaliseringsstrategien:

- ny rapporteringsplattform for føretaka under tilsyn (Altinn 3)
- nytt verksemdsregister med betre deling av data frå Finanstilsynet
- meir bruk av Power BI i rapportar for å gi interne og eksterne brukarar betre tilgang til data og analysar
- fleire automatiserte prosessar i tilsynsoppgåver og administrative oppgåver

## Rapportering på fellesføring om konsulenttenester i 2023

I tråd med tildelingsbrevet skal Finanstilsynet arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og intern kompetanse. Finanstilsynet har i løpet av dei siste åra rekruttert tre personar med teknisk kompetanse på relevante fagområde. Dei arbeider med å utvikle ei ny dataplattform, med overgangen til Altinn 3-plattforma og med datastyring. Rekrutteringa er med på å redusere konsulentbruken i Finanstilsynet.

### Konsulenttenester til forvaltning og utvikling av IKT-løysingar

Systemporteføljen i Finanstilsynet er omfattande og krev mykje ressursar for å vareta sikker og stabil drift. Mellom anna må feil rettast, og integrasjonar mellom systema må haldast ved like. Systemporteføljen krev ein stor grad av spesialkompetanse på ulike teknologiområde. Det vil ikkje vere formålstenleg å halde oppe interne fagmiljø med spisskompetanse innanfor alle kompetanseområda.

Finanstilsynet må ha nok intern kompetanse til å ha eit fornuftig eigarskap til å drifte og utvikle eigne IKT-løysingar. Det inkluderer kapasitet og kompetanse til å sikre nødvendig styring av og kontroll med utviklinga av IKT-systema og den samla arkitekturen.

Finanstilsynet engasjerte i 2023 eksterne konsulentar til å forvalte, drifte og vidareutvikle

- datavarehus
- ny analyseplattform
- overgang til Altinn 3, inkludert utvikling av nye skjema
- innrapporteringsløysingar – mottak, validering og vidaresending til europeiske tilsynsmyndigheiter
- fagsystem og register
- robotisert prosessautomatisering (RPA)
- IKT-sikkerheit
- nettstaden til Finanstilsynet (Finanstilsynet.no)
- intranettløysinga

## Konsulenttenester til strategisk IKT-utvikling

Konsulentfirmaet Gartner bidrar med rådgiving innanfor mellom anna strategi, styring og oppfølging, ny teknologi, bruk av skytenester, sikkerheitsarbeid, dataforvaltning, anskaffingar, endringsleiing og arbeidsformer.

## Juridisk bistand og andre konsulenttenester

Finanstilsynet har eit eige fagmiljø som utformar og gjennomfører anskaffingar, men i periodar har det vore behov for noko ekstern juridisk bistand. Årsaka til nedgangen i «Andre konsulenttenester» i 2023 er at utgiftene til rammeavtalen for den eksterne nettløysinga var lågare enn i 2022.

**Tabell 10:** Utgifter til konsulentar (i kroner)

	2022	2023
Konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løysingar	24 904 046	38 312 886
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling	2 889 504	3 630 500
Konsulenttenester innanfor juridisk bistand	295 201	321 014
Andre konsulenttenester	2 008 448	394 635

## Miljøansvar

Finanstilsynet skal vere ein miljøbevisst og attraktiv arbeidsgivar som tilbyr dei tilsette ein trygg arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø, og har ei auka merksemd retta mot arbeidsmiljøet og berekraftig drift i alle ledd av verksemda. Finanstilsynet har fastsett ei overordna miljønorm og retningslinjer for å fremje klima- og miljøvennlege innkjøp og reiser. Tilsynet har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2022.

Finanstilsynet arbeider for å utnytte ressursane godt og kjøper inventar og andre varer med tanke på levetid, gjenbruk og gjenvinning. Tilsynet etablerte ein avtale for å returnere IKT-utstyr i 2020 slik at dette utstyret kan gjenbrukast av mellom anna skuleelevar. I 2023 blei 328 einingar gjenbrukte og 270 einingar resirkulerte. I tillegg arbeider kantina for å redusere matsvinn, det er innført betre avfallssortering i kontorlokala, og tilsynet vurderer tiltak for å redusere strømforbruket.

Tilsynet med etterlevinga av krav knytte til klimarisiko og berekraft i finanssektoren er omtalt i kapittel III under delmål 6.

## Internkontroll

Verksemda til Finanstilsynet har felles rutinar og retningslinjer, inkludert saksbehandlings- og sikkerheitsrutinar. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette. I tillegg har Finanstilsynet utarbeidd arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjene og rutinane blir jamleg oppdaterte.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for verksemda og tilsynsområda, utarbeider alle seksjonane eigne verksemdsplanar, og ein felles verksemdsplan for heile Finanstilsynet viser dei planlagde aktivitetane opp mot delmåla og styringsparametra, sjå kapittel III. Leiinga følgjer opp verksemdsplanane gjennom året for å vurdere om ressursinnsatsen og resultatata følgjer planar og prioriteringar, og for å sørgje for at avvik blir forklarte og følgde opp. Om nødvendig blir planane tilpassa nye behov og føresetnader i løpet av året.

Den største risikoen for verksemdsutøvinga gjeld evna til å ha god nok fagkompetanse på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet legg derfor vekt på god leiing og personalpolitikk og oppbygging av kompetanse.



Mislegheitsprofilen til Finanstilsynet blir jamleg gått gjennom. Finanstilsynet har lagt til grunn at mislegheit inneber ei bevisst handling, begått av ein eller fleire personar i leiinga, av personar som har overordna ansvar for styring og kontroll, av tilsette eller av andre, som inneber å vere ureieleg for å oppnå ein urettmessig eller ulovleg fordel. Tiltak for å redusere mislegheiter skal stå i forhold til risikoen og ikkje vere til unødvendig hinder for effektive arbeidsprosessar. Det var ikkje registrert nokon vesentlege mislegheiter i 2023.

Finanstilsynet har ein intern kontrollar som fører kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til styret.

Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2023.

Finanstilsynet utarbeider retningslinjer og rutinar for behandlingsprotokoll etter krava i personvernforordninga. Arbeidet vil etter planen bli ferdig i 2024. Arbeidet med personvern er ein kontinuerleg prosess, og ein må oppdatere retningslinjer og rutinar jamleg i tråd med endringar i verksemda og nye nasjonale og internasjonale krav.

Innretninga av internkontrollen i Finanstilsynet gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk, interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan vesentlege feil eller svikt i rutinane.

## Sikkerheit og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta sikkerheita og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader og moglege truslar mot IKT-sikkerheita både i føretak under tilsyn og i Finanstilsynet si eiga verksemd. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle andre hendingar i eigen organisasjon og gjennomfører jamleg brann- og evakueringsøvingar i samarbeid med Noregs Bank.

For å gjere dei tilsette i Finanstilsynet meir bevisste på IKT-sikkerheit og IKT-truslar gjennomførte tilsynet jamlege phishing-testar med påfølgjande opplæring i 2023. Finanstilsynet oppdaterer regelmessig rammeverket for sikkerheit og beredskap. Hausten 2023 inn gikk tilsynet ein ny rammeavtale om beredskaps- og krisestøttesystem.

Omfanget av digital kriminalitet aukar og er ein stor risiko for finanssektoren. Sjølv om dei sentrale føretaka i den norske finansielle infrastrukturen så langt har handtert utfordringane godt, kan ei digital hending komme brått og føre til samanbrot og få store samfunnsmessige konsekvensar. Tilsynet med og oppfølginga av føretaka sitt arbeid for å redusere avvik og betre IKT-sikkerheita er viktig for å bidra til stabile og robuste driftsløysingar og ein solid infrastruktur.

## Krisehandtering

Eit høgare rentenivå og usikre makroøkonomiske og geopolitiske tider krev generelt høg beredskap for å vareta krisehandtering. Høg gjeld i hushalda og høge eigedomsprisar, både historisk og samanlikna med andre land, gir sårbarheit. Finanstilsynet følgjer opp føretak og marknader, og tilsynet har beredskap for å kunne handtere kriseramma føretak og kan reagere raskt og hente ressursar frå andre ansvarsområde i organisasjonen. Beredskap for kriser er viktig for å avgrense konsekvensar av uønska hendingar. Finanstilsynet har dei siste åra fått erfaring i å handtere kriser gjennom koronapandemien og deretter krigen i Ukraina, mellom anna knytte til sanksjonar og cybertruslar.

# Vurdering av framtidssutsikter



# Vurdering av framtidsutsikter

## Risiko for finansiell ustabilitet

Dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet er høg gjeld i hushalda, høge budstadprisar og høge prisar på næringsseigedom. Mange år med låge renter og god tilgang til kreditt har auka gjeldsbelastinga i hushald og ikkje-finansielle føretak i Noreg og i andre land. Det har gitt sårbarheiter i økonomiane og større risiko for finansiell ustabilitet. Usikkerheita blir forsterka av geopolitiske spenningar.

Det finansielle systemet bør kunne handtere forstyrningar og uventa negative hendingar og samtidig vareta funksjonane sine, slik at eit tilbakeslag i økonomien ikkje blir sjølvforsterkande. Erfaringar frå Noreg og andre land viser at kriser i det finansielle systemet kan komme brått og spre seg hurtig mellom aktørar, både nasjonalt og internasjonalt. Eit internasjonalt tilbakeslag vil kunne føre til uro i finansmarknadene og auke risikoen for finansiell ustabilitet i Noreg òg.

## Krisehandtering og digital sårbarheit

Endringar i det digitale trusselbiletet, mellom anna etter Russland sitt angrep på Ukraina, uro i Midtausten og auka digital kriminalitet har bidratt til auka merksemd mot faren for systemiske cyberhendingar og viktigheita av digital robustheit og motstandsdyktigheit i finanssektoren. Aksjonar gjennom sosiale medium med ryktspreiing og desinformasjon kan òg raskt påverke tilliten til det finansielle systemet og enkeltføretak og utløyse bankkriser.

Betre førebygging av IKT-hendingar i finanssektoren vil redusere sannsynlegheita for alvorlege hendingar. EU vedtok nye felleseuropeiske reglar om IKT-risiko i forordninga om digital operasjonell motstandsdyktigheit (DORA) i desember 2022. Dei nye reglane skal bidra til at alle relevante aktørar i det finansielle systemet etablerer tiltak for å redusere faren for cyberangrep og andre IKT-risikoar. Alle føretak skal kunne handtere alle typar forstyrningar av og truslar mot eiga IKT-verksemd. Reglane fastset òg eit rammeverk for tilsynet med leverandørane av skytenester og andre systemviktige leverandørar til finanssektoren.

## Kunstig intelligens

Stadig fleire føretak nyttar avansert analyse, maskinlæring og kunstig intelligens i verksemda. Teknologien som blir utvikla og nytta av finansføretak i Noreg, må byggje på etiske prinsipp, menneskerettar og demokrati. System og løysingar som er baserte på kunstig intelligens, skal respektere sjølvbestemminga og kontrollen til kunden og ta omsyn til personvern, inkludering, mangfald og likebehandling.

På eit strategisk nivå er det viktig at styret og leiinga i føretaka har god kjennskap til utfordringar og risikoar når dei tek i bruk kunstig intelligens i utøvinga av verksemda. Føretaka må ha system som sikrar god styring og kontroll med datainnhenting, modellutvikling og forvaltning av løysingane.

## Klimarisiko og berekraft

Overgangen til eit meir berekraftig samfunn og bruk av fornybare ressursar inneber ei stor omstilling av økonomien. Overgangsfasen kan gi økonomiske tap i næringer og verksemdar som blir påverka negativt av endringane. Det kan òg påføre bankar og andre finansføretak tap. Skadeforsikringsføretaka er særleg eksponerte mot fysisk klimarisiko. Finanstilsynet forventar at finansføretaka i risikostyringa si dekkjer alle vesentlege risikoar, inkludert klimarisiko.

Det er stor interesse for grønne investeringsprodukt, og det er ein risiko for at fond og andre verdipapir blir marknadsførte som berekraftige utan at dei er det. Slik grønvasking undergrev arbeidet med berekraft. Felleseuropeiske reglar om miljømål, klassifisering og krav til opplysningar frå føretaka er gjennomførte i Noreg, og dei vil vere grunnlaget når Finanstilsynet følgjer opp grønvaskingsrisiko.

Nytt regelverk om berekraftsrapportering og attestasjon av slike opplysningar som sannsynlegvis vil gjelde frå rekneskapsåret 2024, vil innebære nye, store oppgåver for Finanstilsynet.

## Forbrukarvern

Finanstilsynet gir forbrukarane vern ved å kontrollere kva for føretak som får løyve til å tilby finansielle tenester, føre tilsyn med dei og eventuelt sanksjonere brot. Mange forbrukarar har den siste tida fått svekt økonomi etter høg inflasjon og auka renteutgifter. Den økonomiske situasjonen understreker kor viktig det er at bankane følgjer god marknadsføringsskikk, gir god rådgiving og gjennomfører grundige kredittvurderingar. Bankane har eit ansvar for at forbrukarane ikkje får innvilga lån som fører dei inn i økonomiske problem, og bankane skal vareta bustadlånkundar som får betalingsvanskar.

Finanstilsynet varetek òg forbrukarvernet gjennom tilsynet med eigedomsmeklingsføretak ved å kontrollere at dei etterlever regelverket, mellom anna om informasjon til kjøparar og seljarar, budgiving og klientmiddel. Tilsynet med inkassoføretaka styrkjer forbrukarvernet ved å bidra til at skyldnarane blir beskytta mot urimeleg og urettmessig inndring av pengekrav.

Fleire nye tenester på digitale plattformer har blitt lanserte for forbrukarane dei siste åra, og marknaden av tilbydarar er uoversiktleg og i rask endring. Aktiviteten på digitale plattformer som tilbyr folkefinansiering, er aukande. Det er venta ei ny lov om folkefinansiering i 2024, og Finanstilsynet vil følgje opp lova med informasjonstiltak og ein tilsynsmodell.

Ei ny felleseuropeisk regulering av verdiar i kryptomarknaden (MICA) vil innebære nye tilsynsoppgåver for Finanstilsynet. Det gjeld særleg å tilpasse korleis ein skal regulere ulike kryptoverdiar, noko som i dag ikkje er regulert etter gjeldande regelverk. Dette omfattar òg kvitvasking og terrorfinansiering.

## Eit effektivt finanstilsyn

Tilsynsverksemda til Finanstilsynet skal vere risikobasert innanfor rammene som følgjer av lover og regelverk, tilgjengelege ressursar og føringar og oppdrag frå Finansdepartementet.

Nye og omfattande rapporteringskrav gir store mengder data som Finanstilsynet i større grad enn i dag kan utnytte i tilsynsverksemda. Finanstilsynet bør òg dele meir av innrapporterte offentlege data frå føretaka slik at det blir enklare for profesjonelle aktørar og forbrukarar å hente informasjon til eigne gjeremål og beslutningar. Det er òg viktig at offentlege myndigheiter har opne og tilgjengelege data og samarbeider om å ha gode løysingar for ulike brukargrupper.

Finanstilsynet sitt arbeid med å digitalisere fleire oppgåver skal bidra til at tilsynet blir meir effektivt ved å vidareutvikle rapporterings- og analyseløysingar og informasjons- og samhandlingskanalar, internt og for føretak under tilsyn og allmenta.

Kompetente medarbeidarar som kjenner finanssektoren godt, er viktig for at Finanstilsynet kan drive eit effektivt og risikobasert tilsyn. Finanstilsynet arbeider for å rekruttere personar med rett kompetanse, leggje til rette for kompetanseutvikling internt, tilpasse seg endringar i finansmarknaden og vidareutvikle evna å analysere risikobiletet og tendensane i marknadene.

Årsrekneskap

M

# Årsrekneskap

## Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2023.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. For 2023 var budsjettet til driftsutgifter (post 01) opphavleg på 464,5 millionar kroner. Budsjettet blei seinare auka med 6,4 millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett og 13,0 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 17,8 millionar kroner frå 2022 var den samla disponible utgiftsramma til drift 501,7 millionar kroner.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øymerkt IKT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår. I budsjettet for 2023 blei det løyvd 36,0 millionar kroner, og saman med ein auke i revidert nasjonalbudsjett på 1,3 millionar kroner og overførte midlar frå 2022 på 13,0 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 50,2 millionar kroner. I dette inngår ei styrking av budsjettet med 21,5 millionar kroner til satsing på digitalisering. Denne satsinga skal etter planen skje i perioden 2022–2026 og skal rettast mot automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering, betre analyseløysingar og auka datadeling. Prosjektet har som formål å auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet, og det har òg ei eiga rapportering til Finansdepartementet. Satsinga på digitalisering inneber òg ein auke i driftsbudsjettet på 6,5 millionar kroner.

Finanstilsynet legg vekt på at arbeidet med digitalisering skal ha ei klar retning og tydelege mål i tråd med fastsett digitaliseringsstrategi og statlege føringar i digitaliseringsrundskrivet og digitaliseringsstrategien for offentleg sektor 2019–2025.

Finanstilsynet har over lengre tid utvikla IKT-systema for å etterleve nye og omfattande felleseuropeiske regelverk og for å effektivisere og forbetre tilsynsverksemda. Arbeidet med å utvikle effektive rapporterings- og analyseløysingar i integrasjon med fagsystema til Finanstilsynet har vart i fleire år og må halde fram også dei kommande åra for å handtere den aukande oppgåvemengda.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2023 summerte seg til 501,7 millionar kroner, ein nominell

auke på 13,9 prosent frå 2022. I løyvingrapporteringa inngår òg meirverdiavgift som er belasta nettoordninga for meirverdiavgift i staten. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* kom på 6,9 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt å få overføre til 2024. Mindreutgifter for post 45 kom på 11,6 millionar kroner og er søkt overførte til 2024. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 374,1 millionar kroner, som er 13 prosent høgare enn i 2022. Utbetalingar til lønn utgjer 70,5 prosent av sum utbetalingar til drift i 2023, mot 69,6 prosent i 2022. Talet på utførte årsverk var berekna til 300 i 2023, mot 288 i 2022. Sjå nærare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet i kapittel II. Høgare samla lønnsutgifter enn året før kan, i tillegg til fleire årsverk, forklarast med ein auke i betalt pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Utgiftene til pensjonspremie var 34 millionar kroner i 2023, ein auke på 53,6 prosent frå 2022. Nærare omtale av pensjonspremien går fram av prinsippnoten om årsrekneskapen på side 48.

Utbetalningar til investering og andre utbetalingar til drift, jf. artskontorrapporteringa, viser ein auke på 10 prosent frå 2022. Forklaringa er mellom anna knytt til digitaliseringssatsinga, som fører til kjøp av fleire konsulenttenester og fleire lisensar. I tillegg auka betalningar for Noreg si deltaking i arbeidsgrupper i tilsynsmyndigheitene i EU og i to EU-program.

Finanstilsynet krev gebyr for å kontrollere prospekt etter verdipapirhandellova og for å behandle søknader om løyve til å drive verksemd som betalingsføretak, e-pengeføretak og opplysningsfullmektig og inkasso-verksemd. Den samla innbetalinga var 10,2 millionar kroner i 2023, mot 13,5 millionar kroner i 2022.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av føretaka som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike føretaksgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Det samla kravet om tilsynsavgift utgjorde 513,1 millionar kroner. Tilsynsavgifta blir fordelt på dei enkelte føretaka etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter den føregåande høyringa hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta send til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2023. I alt 15 836 tilsynseiningar var omfatta av utlikninga. Av desse var 90 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 12 307 einingar ved inngangen til 2023.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje ein del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta og tilfell statskassen. Til saman blei det betalt 192,4 millionar kroner i gebyr i 2023, mot 8,7 millionar kroner i 2022.

Det blei i 2023 utbetalt til saman 0,5 millionar kroner for dekning av saksomkostningar i klagesaker.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2023 skal liggje føre innan 1. mai 2024 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 29. februar 2024

*Per Mathis Kongsrud*

**Per Mathis Kongsrud**  
finansstilsynsdirektør

## Prinsippnote for årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og etter krav i rundskriv R-115, som er dagsett 17. desember 2019. Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følger kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal først i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Fram til 2020 blei premien berekna basert på forsikringsteknisk oppgjer og fondsoppfølging, der arbeidsgivaren sin del blei fastsett årleg. Frå 2021 har Finanstilsynet følgd føresegnene i rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter». I 2022 fekk Finanstilsynet eit frådrag i pensjonspremiebetalinga på 11,5 millionar kroner som følgje av for mykje innbetalt premie i 2020 og 2021. Innsparinga var 13,1 millionar kroner inkludert arbeidsgivaravgift.

Frå 2022 blei premieordninga for statlege verksemder lagd om. Det inneber at premien blir berekna ut frå faktiske hendingar som påverkar pensjonsutgiftene til staten, og endringar i medlemstalet i verksemda. Arbeidstakaren betaler framleis 2 prosentpoeng av den pensjonsgivande lønna.

Finanstilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til eit nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

## Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingsssentral har fått belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og kapittel 5580, post 70. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike kravet til framstilling av løyvingsrapporteringa, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonnar. Rapporteringa frå Skatteetaten / Statens innkrevjingsssentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyvet til å fråvike standard framstilling ved å bruke fleire kolonnar gjeld til og med rekneskapsåret 2025.

## Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2023 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2022.

I den nedre delen av oppstillinga står mellomrekninga med statskassen. For å få eit dekkjande bilete av utgifter og inntekter er standard oppstilling supplert med ei linje under eigedommar og gjeld. Her inngår rekneskapslinja *Bankkontoar med statlege middel utanfor Noregs Bank*. Beløpet gjeld kontoar som blir nytta til innbetaling av eigendelar ved velferdstiltak i Finanstilsynet.

Note 6 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, medan mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.



**Tabell 11:** Oppstilling av løyingsrapportering for rekneskapsåret 2023

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A,B	501 731 000	494 851 828	6 879 172		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A,B	50 200 000	38 575 082	11 624 918		
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	24 059 705			
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>551 931 000</b>	<b>557 486 616</b>			
Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A,B	10 200 000	10 210 000	10 000		
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og lovbrøtsgebyr m.m.	A,B	196 000 000		-196 000 000	192 434 451	-3 565 549
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A,B	513 068 000	30 000	-513 038 000	512 667 723	-400 277
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP		0	48 650 264			
<b>Sum inntektsført</b>					<b>719 268 000</b>	<b>58 890 264</b>			
<b>Netto rapportert til løyingsrekneskapan</b>						<b>498 596 351</b>			
<b>Kapitalkontoar</b>									
60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar					22 738 055			
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-511 804 280			
716106	Endring i mellomverande med statskassen					-9 530 126			
<b>Sum rapportert</b>						<b>0</b>			
<b>Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapan (31.12.)</b>									
					<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>Endring</b>		
716106	Mellomverande med statskassen					-36 461 125	-26 930 998	-9 530 126	

**Note A** Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01 Driftsutgifter	17 795 000	483 936 000	501 731 000
1602 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	12 965 000	37 235 000	50 200 000
4602 03 Saksbehandlingsgebyr		10 200 000	10 200 000
4602 86 Vinningsavståing og lovbrøtsgebyr o.a.		196 000 000	196 000 000
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane		513 068 000	513 068 000

**Note B** Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Meirutgift (-)/ mindreinntekt etter avgitte belastingsfullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		6 879 172	6 879 172	6 879 172	24 196 800	6 879 172
1602 45	«Kan overførast»	11 624 918	11 624 918	11 624 918	72 535 000	11 624 918

\* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

**Opplysningar om avgitte belastingsfullmakter på inntektskapittel**

Kapittel og post	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Inntektsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter (+)	Meirinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastingsfullmakter
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.	-196 000 000	192 434 451	-3 565 549
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane	-513 038 000	512 667 723	-370 277

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev dagsett 21. mars 2000 (dåverande) Kredittilsynet fullmakt til å behandle og avgjere erstatningssaker som gjeld beløp under 250 000 kroner. Andre vilkår går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-01/2017 «Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjettkapittel 471, post 71 og frafall av foreldelsesinnsigelse». Finanstilsynet nytta ikkje denne fullmakta i 2023.

### Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IKT-systema.

### Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsførte av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevjingssentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

### Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2023.

### Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 6 879 172 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2024. Det øyremerkte beløpet til digitaliseringsattsinga på post 01 blei nytta fullt ut i 2023. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 11 624 918 kroner kan overførast etter søknad.

**Tabell 12:** Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31.12.

	Note	2023	2022
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	10 210 000	13 542 000
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>		<b>10 210 000</b>	<b>13 542 000</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalinger til lønn	2	374 121 046	323 960 091
Andre utbetalinger til drift	3	156 393 954	141 566 324
<b>Sum utbetalinger til drift</b>		<b>530 515 000</b>	<b>465 526 415</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>520 305 000</b>	<b>451 984 415</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
<b>Sum investerings- og finansinntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	4	2 911 910	2 448 267
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 911 910</b>	<b>2 448 267</b>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 911 910	2 448 267
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	30 000	634 539
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		<b>30 000</b>	<b>634 539</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		48 650 264	39 809 890
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		24 059 705	21 458 312
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-24 590 559	-18 351 577
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		498 596 351	435 446 566
Oversikt over mellomverande med statskassen			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2023</b>	<b>2022</b>
Fordringar på tilsette		0	11 667
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		2 842	1 385 671
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-17 654 576	-14 844 134
Skyldige offentlege avgifter		-182 812	-153 980
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-18 623 737	-11 944 551
<b>Sum mellomverande med statskassen</b>	6	<b>-36 458 283</b>	<b>-25 545 328</b>

<b>Note 1</b> Innbetalinger frå drift	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	10 090 000	13 332 000
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	120 000	210 000
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>10 210 000</b>	<b>13 542 000</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>10 210 000</b>	<b>13 542 000</b>

<b>Note 2</b> Utbetalinger til lønn	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
Lønn	293 179 724	268 518 041
Arbeidsgivaravgift	48 650 264	39 756 783
Pensjonsutgifter*	34 001 584	15 790 251
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-8 389 572	-6 489 745
Andre ytingar	6 679 046	6 384 761
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>374 121 046</b>	<b>323 960 091</b>
<b>Tal på utførte årsverk</b>	<b>300</b>	<b>288</b>

\* Premiesatsen for arbeidsgivarandelen utgjorde i 2023 11,2 prosent (arbeidsgivarandel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2023 rapportert til Statens pensjonskasse (SPK)). For rekneskapsåret 2022 utgjorde premiesatsen 11,4 prosent.

Talet på utførte årsverk er berekna etter PM-2019-13: Definisjon av utførte årsverk (Lovdata.no).

<b>Note 3</b> Andre utbetalinger til drift	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
Husleige	21 556 588	20 237 144
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	545 748	855 639
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	8 061 601	11 404 957
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	518 850	1 392 546
Kjøp av mindre utstyr	721 783	802 948
Leige av maskinar, inventar og liknande	17 900 695	17 306 435
Kjøp av konsulenttenester	41 179 501	29 887 947
Kjøp av andre framande tenester	28 116 876	28 042 775
Reiser og diett	3 754 611	2 133 553
Andre driftsutgifter	34 037 701	29 502 381
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>156 393 954</b>	<b>141 566 324</b>

<b>Note 4</b> Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	2 911 910	2 448 267
<b>Sum utbetalt til investeringar</b>	<b>2 911 910</b>	<b>2 448 267</b>

<b>Note 5</b> Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	30 000	634 539
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>30 000</b>	<b>634 539</b>

**Note 6** Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

		<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2023</b>	Forskjell
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	
<b>Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen</b>				
<b>Omløpsmidlar</b>	Kundefordringar	2	0	2
	Andre fordringar	0	0	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	2 842	2 842	0
	<b>Sum</b>	<b>2 844</b>	<b>2 842</b>	<b>2</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	Leverandørgjeld	-21 758 742	0	-21 758 742
	Skyldig skattetrekk	-17 654 576	-18 720 654	1 066 078
	Skyldige offentlege avgifter	-185 768	-182 812	-2 956
	Anna kortsiktig gjeld	-2 842	-17 560 501	17 557 659
	<b>Sum</b>	<b>-39 601 928</b>	<b>-36 463 967</b>	<b>-3 137 961</b>
<b>Sum</b>		<b>-39 599 084</b>	<b>-36 461 125</b>	<b>-3 137 959</b>





**Finanstilsynet**

Revierstredet 3  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00  
post@finansstilsynet.no  
finansstilsynet.no







# Riksrevisjonen

FINANSTILSYNET  
Org. Nr.: 840747972

## Riksrevisjonens beretning

### **Konklusjon**

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Finanstilsynet for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2023. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 498 596 351 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- gir årsregnskapsoppstillingene med noter et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2023 og kapitalposter per 31. desember 2023, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### **Øvrig informasjon i årsrapporten**

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

### **Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlige for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene**

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen og styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer overordnede departementet om funn og svakheter.

## Uttalelse om øvrige forhold

### ***Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring***

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapsoppstillingene som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

13.05.2024

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Ole Husebø Schøyen  
avdelingsdirektør

*Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.*